

Til

Meland kommune

Bergen 29.10.2014

Aksel Andersson kjøpte fritidseiendommen (gnr.bnr 36/27) av Losnedal i 1969 . Kjøpesummen var kr. 16 000,- Da Aksel Andersson den gang ble anvist grenselinjene på eiendommen av selger, ble disse anvist omtrent der dagens gjerder står. Kort etter overtakelse finner han et kryss i fjellet som kan indikere at eiendommen er mindre enn det han først hadde blitt vist.

Ved nærmere undersøkelse finner han ut at dette dessverre stemmer. Han kontakter da grunneier Ingolf Sivertsen for å spørre om han kan få kjøpe denne tilleggsparsellen, slik at størrelsen på eiendommen blir slik han først oppfattet den som. Dette området omfatter ca 600m<sup>2</sup>.

Det blir da gjort en avtale mellom Aksel Andersson og Ingolf Sivertsen. Kjøpesummen ble avtalt til kr 700,- (kvittering på mottatt beløp er tilgjengelig). Det ble ikke foretatt noen formell oppmåling, men Aksel Andersson oppførte etter nevnte avtale med Sivertsen, et gjerde rund eiendommen, inklusiv tilleggsparsell.

Sivertsen, som ofte var i Ripleviken, hadde ingen innvendinger på plassering av gjerdene.

Slik har gjerdene stått siden 1969 og alle naboer har oppfattet dette som de offisielle grensene for eiendommen.

I 2012 overfører Aksel Andersson eiendommen til sine 4 barn : Bente, Grethe Atle og Trond. Videre kjøper Grethe Andersson og Geirr Bjørvik ut de andre søsknene og blir da eneeier av eiendommen.

Geirr Bjørvik oppdager imidlertid at grenselinjene på kommunens kart ikke stemmer overens med gjerdeplassering. I samtale med Aksel Andersson får vi da vite hva som ligger til grunn for dette.

Aksel Andersson hadde oppfattet at det hadde vært en offisiell måling av eiendommen, da han ikke så lenge etter han kjøpte eiendommen med

7

tilleggsparsell, ble bedt om å sette ut fire hvite markeringsplater for å indikere eiendommens fire hjørner. Dette ble gjort fordi det skulle foretas flyfotografering.

Vi vil også legge til at tilleggsparsell har i alle disse årene vært benyttet som en del av eiendommen. Området er også opparbeidet. Det er også nedgravd en septiktank på dette område. Søknad om utslippstillatelse med plassering ble sendt kommunen i 2013. Godkjenning fra Meland kommune ble behandlet og godkjent samme år. Denne tanken er en fellestank med eiendommen 36/85 som eies av Grethes bror Atle Andersson og hans kone Synnøve Ås.

På grunnlag av:

- Tilleggsparsellen ble kjøpt og betalt i 1969 og ingen har noensinne bestridt disse grensene.
- Området er opparbeidet og vært benyttet som fritidseiendom hele denne tiden.
- At det er nedgravd septiktank på dette område.

*Vi vil til slutt bemerke at i forslag til ny kommuneplan(arealdel), er området eiendommen ligger i foreslått avsatt til fritidseiendommer/hytter.*


Vi håper med dette at tilleggsparsellen kan overføres slik at den blir en del av bruks- og gårdsnummer 36/27

Med vennlig hilsen

Grethe Andersson

*Grethe Andersson*

Geirr Bjørvik



*Bekrefter at disse opplysningene er korrekte*

*Aksel Kristian Andersson*

*Tidligere eier.*

8



## Oppsummering og erklæring fra landmåler

Landmåler vurderer og gir ev. kommentarer til: • tillatelsen • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretning • forberedelse av oppmålingsforretning • oppmålingsforretningen • måle- og beregningsarbeid • fakturering • matrikulering • tinglysing • utsendelse av matrikkelbrev • klageadgang og frister

Eigar av 36/1 og eigar av 36/27 har 20.06.2014 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging av grensa mellom gnr 36 bnr 27 og bnr 1.

Oppmålingsforretning vart halde 29.07.2014. Ved forretninga møtte Monrad Boge for gnr 36 bnr 1, Grethe J. Andersson, Geir Bjørvik og Aksel Kr. Andersson for gnr 36 bnr 27, Bjørg Inger Hole for gnr 36 bnr 24, 26, 43, 84 og Stig Bjerregaard for gnr 36 bnr 32. I tillegg til dei framførte var også Berit Karin Boge (deleigar av 36/1) og Ine K. Bjerregaard (deleigar av 36/32) varsla, men møtte ikkje.

Gnr 36 bnr 27 er etablert ved skyldskifte i 1957. Grensa mellom 36/27 og 36/84 vart påvist med gjerdestolpe i påvist kross i fjell ved sjøen, grensepunkt 3627-1 og påvist kross i fjell, grensepunkt 3627-2. Horisontal avstand mellom desse to krossane er innmålt til 25,86m medan det i skyldskiftet står 28m (bakkemål). Grenselina til 36/84 held fram i same retning 5,93m til innmålt gjerdestolpe på kant av bråtelag, grensepunkt 3684-1, medan grensa til 36/27 vinklar i nordleg retning frå grensepunkt 3627-2 med 36/1 på vestre sida og 36/27 på austre sida. Dette grensepunktet var uråd å finna pga at terrenget er fyllt opp. Tidlegare eigar av 36/27 Aksel Andersson påviste omlag kor krossen hadde vore, Dei to neste krossane ifølgje skyldskiftet var også uråd å finna, men partane var samde om to nye borhol, grensepunkt 3627-4 og 3627-5. Grensa mellom 36/27 på austsida, 36/1 på vestsida og 36/32 på nordsida vart påvist med kross i fjell, grensepunkt 3627-6 omlag 1m over flomål.

Ifølgje skyldskiftet står det at grensa her "vinklar og går etter strandlina i austleg leid 12m til kross i fjell og vidare langs strandlina 48m tilbake til utgangspunktet." Kross i fjell, grensepunkt 3627-7, vart funne. Horisontalt mål mellom 3627-6 og 3627-7 er innmålt til 11,41m og horisontal avstand mellom 3627-7 og 3627-1 er 47,75m.

Grensa mellom 36/1 på sorsida og 36/32 på nordsida vart påvist med gamal kross i fjell i 36/32 sitt sør-austre hjørne, grensepunkt 3632-1.

Ved spørsmål om sjøgrunnen utanfor strandlina også høyrer med til 36/27, meinte eigar av 36/1 at sidan det står i skyldskiftet at grenselina følgjer strandlina, så eig del også så langt ut som den private eigedomsretten går i sjø utanfor parsellen.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS og Leica totalstasjon 1205+ og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandard. Grensene i matrikkelkartet er retta opp i samsvar med grensene som vart gått opp på oppmålingsforretninga.

Tidlegare eigar av 36/27, Aksel Andersson, opplyste om at han hadde inngått avtale om kjøp av tilleggsareal med tidlegare eigar av 36/1, Ingolf Sivertsen men at formalisering med skylddeling av det aktuelle arealet ikkje hadde vorte gjennomført. Blåde noverande eigar av 36/1 og 36/27 ønskjer å få ordna opp i dette og søkja om arealoverføring frå 36/1 til 36/27 i etterkant av oppmålingsforretninga på 36/27. Arealet som det skal søkjast om som tilleggsareal til 36/27 frå 36/1 utgjør omlag 600 m<sup>2</sup>. Dersom søknaden vart godkjent, må det haldast ny oppmålingsforretning over tilleggsarealet.

Gebyr etter matrikkelova for oppmålingsforretninga over 36/27 vart avtalt å senda til Aksel Andersson.

I samsvar med matrikkelova §46 og reglane i matrikkelova kap IV-VI kan det klagast på utføringa av oppmålingsforretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted  
Frekhaug

Dato  
26.08.2014

Underskrift

*Talle*